

HANDLINGSPLAN FOR INKLUDERANDE LÆRINGSMILJØ



2016-2020
LÆRINGSMILJØUTVALET



**HØGSKULEN
I VOLDA**

1	FORORD	5
2	GENERELL DEL.....	6
	2.1 MÅL OG VERDIGRUNNLAG.....	6
	2.2 DEFINISJONAR	6
	2.2.1 NEDSETT FUNKSJONSEVNE ELLER FUNKSJONSNEDESETTING	6
	2.2.2 FUNKSJONSHEMMANDE FORHOLD.....	6
	2.2.3 FUNKSJONSHEMMING	6
	2.2.4 UNIVERSELL UTFORMING (AV LÆRINGSMILJØ)	7
	2.3 LOVGIVING	7
	2.3.1 UNIVERSITETS- OG HØGSKOLELOVEN.....	7
	2.4 DISKRIMINERINGS- OG TILGJENGELIGHETSLOVEN.....	7
	2.5 ANDRE LOVER OG FORSKRIFTER	7
3	TILTAKSPLAN.....	8
	3.1 OPPTAK	8
	3.1.1 INFORMASJON TIL POTENSIELLE STUDENTAR	8
	3.1.2 OPPTAK PÅ SÆRSKILT GRUNNLAG OG TILRETTELEGGING	8
	3.1.3 MOTTAKE	9
	3.2 UNDERVISNING OG STUDIUM.....	10
	3.2.1 STUDIEPLANAR	10
	3.2.2 LÆRINGSSITUASJONEN	10
	3.2.3 STUDIELITTERATUR	11
	3.2.4 LÆREMATERIELL.....	11
	3.2.5 HJELPEMIDDEL	12
	3.2.6 PRAKSISPERIODAR.....	12
	3.2.7 STUDIUM I UTLANDET	13
	3.3 EKSAMEN OG VURDERING	13
	3.4 FYSISK TILRETTELEGGING	13
	3.4.1 FINANSIERING AV TILTAK FOR Å BETRE FYSISK TILGJENGE.....	13
	3.4.2 FYSISK TILGJENGE TIL BYGG.....	14
	3.4.3 TILGJENGE TIL UNDERVISNINGSROM.....	14
	3.4.4 SKILT OG ORIENTERINGSTAVLER	15
	3.4.5 CAMPUSOMRÅDET.....	15
	3.5 INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI (IKT)	16
	3.5.1 INTERNETT, STUDENTWEB OG FRONTER.....	16
	3.5.2 INFO TIL/OPPLÆRING AV TILSETTE	16
	3.5.3 PC-STASJONAR MED SPESIALPROGRAM OG TILLEGGSUTSTYR.....	17
	3.5.4 KOMPETANSE I UNIVERSELL UTFORMING OG IKT	17
	3.6 STUDENTVELFERD	18
	3.6.1 BUSTAD OG BARNEHAGE.....	18
	3.6.2 STUDENTSAMSKIPNADEN OG ADMINISTRASJON	18

3.6.3	KANTINE OG BOKHANDEL.....	19
3.6.4	HELSETENESTER.....	19

1 FORORD

Sidan Stortingsmelding 8 (1998-1999) har det vore eit krav at vi skal ha ein handlingsplan for studentar med funksjonsnedsetting. Fokuset har over tid endra seg, frå å sjå enkeltproblem knytt til individ, til å byggje ned funksjonsbarrierar og tenke universell utforming. Namnet på Stortingsmelding 40 (2002-2003) viser dette: "Nedbygging av funksjonshemmende barrierer". I St. prp. Nr. 1 2007-2008, side 103, står det m.a. at læringsmiljøet så langt det er mogleg og rimeleg skal ha ei universell utforming, og handlingsplanane skal bidra til å utvikle eit godt og inkluderande læringsmiljø med god studiekvalitet.

Læringsmiljøutvalet har ansvar for revisjon av planen, og i førre periode vart det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle lage utkast til revisjon av Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø, for perioden 2016-2020. Denne vart handsama i LMU hausten 2016, og vart deretter lagt fram for Høgskulestyret.

2 GENERELL DEL

2.1 MÅL OG VERDIGRUNNLAG

I HVO sin strategiplan frå 2014 ¹vert det sagt at vi skal vere inkluderande, og at vi vil halde høgt verdiar som tillit, respekt, openheit, demokrati og ærleg framferd.

For å vere inkluderande, må vi ha eit læringsmiljø som er universelt utforma. Det vil seie at det fysiske og pedagogiske miljøet skal vere tilgjengeleg for flest mogleg studentar.

Vi skal mellom anna sikre dette gjennom rutinar i vårt kvalitetssystem.

Nokre vil likevel trenge individuell tilrettelegging av studiesituasjonen. Vi vil legge studiesituasjonen til rette for studentar med særskilde behov, så langt det er mogleg og rimeleg.

Dette vil vi gjere utan å redusere dei faglege krava ved kvart enkelt studium.

HVO vil samarbeide med Studentsamskipnaden og Studenttinget for å få eit godt studentmiljø på og utanfor campus. Informasjon om læringsmiljøarbeid og tilrettelegging skal vere lett tilgjengeleg.

2.2 DEFINISJONAR

I St.meld.nr. 40 (2002-2003) forsøkte ein å kome fram til meir standardisert bruk og tyding av omgrep som vert nytta om funksjonsnedsetting. Definisjonane i punkt 2.2.1 til 2.2.3 er henta frå Bufdir.no, og byggjer på Stortingsmeldinga.²

2.2.1 NEDSETT FUNKSJONSEVNE ELLER FUNKSJONSNEDSETTING

Nedsatt funksjonsevne eller funksjonsnedsettelse viser til tap av, skade på eller avvik i en kroppsdell eller i en av kroppens psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjoner. Dette kan eksempelvis dreie seg om nedsatt bevegelses-, syns- eller hørselsfunksjon, nedsatt kognitiv funksjon eller ulike funksjonsnedsettelser pga. allergi, hjerte- eller lungesykdommer.

2.2.2 FUNKSJONSHEMMANDE FORHOLD

Funksjonshemmende forhold viser til et gap eller misforhold mellom forutsetninger til mennesker med nedsatt funksjonsevne og de krav miljøet og samfunnet stiller til funksjon på områder av vesentlig betydning for å etablere og opprettholde selvstendighet og sosial tilværelse.

2.2.3 FUNKSJONSHEMMING

Funksjonshemming oppstår når det foreligger et gap mellom individets forutsetninger og omgivelsenes utforming eller krav til funksjon. Funksjonshemming er ikke en individuell egenskap, men et forhold eller en situasjon som kan oppstå i individets møte med samfunnet.

¹ Strategiplan for Høgskulen i Volda, vedteken av høgskulestyret 29.10.2014.

<http://www.hivolda.no/neted/services/file/?hash=97a0c758ff2d95c0b14d7a6e2be8e861>

² http://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Nedsatt_funksjonsevne/Hva_er_nedsatt_funksjonsevne/

2.2.4 UNIVERSELL UTFORMING (AV LÆRINGSMILJØ)

Universell utforming (UU) vil seie å utforme produkt og omgjevnad slik at dei kan bli brukt på ein likeverdig måte av flest mulig, utan at det er behov for tilrettelegging eller spesiell tilpassing. Målet er eit universelt utforma læringsmiljø som inkluderer alle studentar i ordinære løysningar. Dette krev at ein planlegg og utformar utdanning med tanke på mangfaldet i studentmassen. Det gjeld også å planlegge læringsmiljøet med tanke på studentar med nedsett funksjonsevne, slik at behovet for spesielle løysningar blir så lite som mulig.³

2.3 LOVGIVING

Det er fleire lover som inneheld krav om UU, og som verkar inn på korleis vi kan arbeide med høgare utdanning, og vi tek med ei oversikt over dei viktigaste.

2.3.1 UNIVERSITETS- OG HØGSKOLELOVEN

Dette er den overordna lova for vår sektor, og den inneheld ein eigen paragraf om læringsmiljø, § 4-3.⁴

I denne paragrafen får Styret det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø, og ein vert pålagt å ha eit Læringsmiljøutval som skal følgje med dette feltet. Læringsmiljøutvalet har eit klart definert mandat, og det er reglar for representasjon og studentdeltaking på 50%.

Eit anna konkret krav, gjeld det fysiske miljøet, på alle felt. Vidare skal det passe begge kjønn, og tilfredsstillende krav om UU. Det er også krav om at institusjonen skal legge til rette studiesituasjonen for studentar med særskilte behov. Dette skal ein gjere så langt som mulig og rimelig, utan å redusere dei faglige krava ved det enkelte studium.

2.3.2 DISKRIMINERINGS- OG TILGJENGELIGHETSLOVEN⁵

Denne lova forbyr alle former for diskriminering, og pålegg oss å «arbeide aktivt og målrettet for å fremme universell utforming innenfor virksomheten.»

2.3.3 ANDRE LOVER OG FORSKRIFTER⁶

Det er fleire lover som gjev pålegg om korleis vi skal sikre UU. Dette gjeld mellom anna

- Plan- og bygningslova
- Lov om offentlige anskaffelser

³ Dette er henta frå Universell - nasjonal pådrivar i høgare utdanning for felte inkluderande læringsmiljø, Læringsmiljøutval og universell utforming. <http://www.universell.no/universell-utforming/>

⁴ Universitets- og høgskulelova § 4-3 *Læringsmiljø*: <http://lovdata.no/lov/2005-04-01-15/§4-3>

⁵ Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne: <https://lovdata.no/lov/2013-06-21-61>

⁶ Lov om planlegging og byggesaksbehandling: <https://lovdata.no/lov/2008-06-27-71>, Lov om offentlige anskaffelser: <https://lovdata.no/lov/1999-07-16-69>, Forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (IKT)-løysningar: <https://lovdata.no/forskrift/2013-06-21-732>

- Forskrift om universell utforming av IKT-løsninger

3 TILTAKSPLAN

Den eller dei som har utheva skrift i kolonnen "Ansvarleg" har eit definert hovudansvar for det aktuelle tiltaket, og å halde tidsplanen.

3.1 OPPTAK

3.1.1 INFORMASJON TIL POTENSIELLE STUDENTAR.

Mål: HVO skal vere ein inkluderande, open og tilgjengelig høgskule for alle studentar. Det skal vere synleg i alt informasjonsmateriell ved høgskulen at skulen legg til rette for at alle skal kunne studere her, og bli inkludert i læringsmiljøet.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Alt informasjonsmateriell til utdanningssøkande skal vere universelt utforma og distribuert.	Kontor for samfunnskontakt	I all produksjon av informasjonsmateriell frå 2017
Informasjon om studietilbod og faginnhald skal gje grunnlag for realistiske val ut frå krav i studia og det som er mogleg av tilrettelegging.	Avdelingane	Kontinuerleg arbeid med studieplanar og informasjonsmateriell
Studentar vert informert om tilbodet om tilrettelegging, og oppmoda om å ta kontakt.	Studieadministrasjonen	Kontinuerleg, gjennom opptak, studiestart og i nye klasser

3.1.2 OPPTAK PÅ SÆRSKILT GRUNNLAG OG TILRETTELEGGING

Mål: Sikre at vurdering av søkarar på særskilt grunnlag får ei tilfredsstillande handsaming og at ein startar ein prosess for tilrettelegging med ein gong etter opptaket.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Opptak på særskilt grunnlag skal skje innan 1. mai. Alle som får opptak, skal få informasjon om tilrettelegging ved HVO.	Opptakskontoret og avdelingane	Kontinuerleg

Sikre rutinar for å betre informasjonsflyten mellom opptakskontoret og dei ansvarlege for tilrettelegginga.	Studierettleiar og avdelingane	Kontinuerleg
Søk-korpset skal ha kunnskap om tilrettelegging, så dei kan informere om dette.	Studierettleiar og avdelingane	Kontinuerleg

Kommentar: Vi er avhengige av å kome tidleg i kontakt med dei som treng tilrettelegging. Den vanskelegaste gruppa er studentar som kjem inn på ordinært opptak, og som krev tilrettelegging ved studiestart.

3.1.3 MOTTAK

Mål: Å betre flyten av informasjon til studentar med nedsett funksjon. Ved mottak av nye studentar skal alle bidra til at tilrettelegginga skjer i samsvar med planar og behov.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Sikre at informasjon om studenten sine behov for tilrettelegging vert formidla, også under ferieavvikling.	Studie-administrasjon	Kontinuerleg
Ved ynskje: kalle inn til møte om mogleg tilrettelegging. Behovet som er meldt er utgangspunkt for invitasjonen, etter avtale med studenten. Det vil vere tilsette og evt. andre frå t.d. NAV, lege el.l.	Studierettleiar	Kontinuerleg

3.2 UNDERVISNING OG STUDIUM

Hovudmål:

- Alle studentar ved HVO skal ha likeverdige studieforhold så langt det er praktisk mogleg.
- Likeverdige studieforhold er avhengig av at både studentane sjølve og høgskulen tek ansvar.

3.2.1 STUDIEPLANAR

Mål: Universell utforming skal innarbeidast i studie- og emneplanane.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
I arbeid med studie- og emneplanar skal ein vurdere omsynet til UU av det pedagogiske læringsmiljøet som eit eige punkt.	Strategisk studienemnd	Ved godkjenning og revisjon av studie- og emneplanar

Kommentar: Utarbeiding av tydelege studieplanar, med læringsutbytte, innhald, rammer, vurderingsformer og liknande. UU skal ligge til grunn for det faglege planarbeidet, i samspel med faglege krav. Tydeleg informasjon gir grunnlag for val (døme: ein må kunne symje, spele eit instrument, ha grunnleggande datakunnskap eller liknande).

3.2.2 LÆRINGSSITUASJONEN

Mål: Studentar med nedsett funksjon bør ha same utbytte av å studere ved HVO som andre. UU skal leggast til grunn for alle læresituasjonar.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Faglærarane skal ha informasjon om studentar med funksjonsnedsetjingar som ynskjer særskilt tilrettelagde opplegg.	Studierettleiar	Kontinuerleg
Ein skal arbeide med UU av undervisinga, og nytte tilgjengelege tekniske hjelpemiddel, t.d. mikrofon.	Faglærarane, Strategisk studienemnd	Kontinuerleg
Nettsidene skal gi informasjon om moglege tiltak, med døme på kven det kan vere nyttig for.	LMU	Utgangen av 2016

Kommentar: Fagleg tilsette må vurdere alternative læringsformer som eit pedagogisk tiltak, for å nå flest mogleg av studentane. For studentar med funksjonsnedsetjing som gjev dårlegare utbytte av for eksempel førelesingar, kan alternativ til dagens undervising vere eit steg i rett retning. Varierte lærings- og vurderingsformer gagnar dei fleste.

3.2.3 STUDIELITTERATUR

Mål: Relevant studielitteratur skal vere tilgjengeleg for alle studentar

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Hjelpe studenten i prosessen med å søke om lydbøker frå Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek.	Studentrådgivar ved Samskipnaden	Kontinuerleg, for studentar som melder behov
Obligatorisk pensum skal vere klart i rimeleg tid før semesterstart, og det skal gå tydeleg fram kva som er støttelitteratur.	Rektor/prorektor	Årleg: 15. mai/ 1. november

Kommentar: Tilgjengeleg studielitteratur er eit vanskeleg område, og Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek bruker til tider lang tid på å produsere materiell. Særleg er produksjon av litteratur for synshemma og blinde ein omstendeleg prosess. HVO bør sjå til at søknader til NLB blir sendt på eit tidleg tidspunkt, og bidra til dette gjennom å leggje ut pensumlister i god tid før semesterstart. Alle studentar vil kunne ha nytte av å setje seg inn i delar av pensum før undervisninga tek til.

3.2.4 LÆREMATERIELL

Mål: Ein skal velje og utforme læremateriell med tanke på at det skal vere mest mogleg tilgjengeleg for alle typar studentar.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Høgskulen skal ha pensumlitteraturen for alle studium tilgjengeleg på biblioteket.	Biblioteket/ dekanar	Kontinuerleg
Ein skal oppmode sterkt om at førelesingsmateriell vert tilgjengeleg for studentane.	Strategisk studienemnd?	Kontinuerleg
Alt læremateriale som HVO sjølv produserer, bør vere tilgjengeleg i alternative former, som ein kan lese med digital tale.	Leiinga ved høgskulen	
Alt materiell som vert gjort tilgjengeleg digitalt, skal følgje standard for UU. Dette gjeld også tilbakemelding på studentarbeid.	Avdelingane	Kontinuerleg

Kommentar: Mange studentar kan ha problem med å notere frå førelesingane, og vert ekstra avhengig av førelesingsmateriell. Nytteverdien aukar om ein nyttar format som gjer det mogleg å forstørre, nytte syntetisk tale, ellerliknande.

3.2.5 HJELPEMIDDEL

Mål: Studentar med funksjonsnedsetjing skal vere sikra tilgang til nødvendige hjelpemiddel i studiesituasjonen.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
I møte om tilrettelegging avtalar ein korleis nødvendige hjelpemiddel kan kome på plass. Jf 3.1.3	Studierettleiar	Kontinuerleg
Høgskulen følgjer utviklinga i sektoren m.a. gjennom nasjonale og regionale nettverk, t.d. gjennom Universell og NAV.	Studierettleiar, Studentrådgivar og LMU	Kontinuerleg
Som ein del av rådgjevingstenesta skal ein hjelpe med søknad om hjelpemiddel via NAV og NLB.	Studentrådgivar ved Samskipnaden	Kontinuerleg

Kommentar: Nye hjelpemiddel og løysingar kjem stadig, og vi skal halde oss oppdaterte på kva vi bør tilby sjølve, via hjelpemiddelsentralen, eller andre eksterne aktørar.

3.2.6 PRAKSISPERIODAR

Mål: Sikre at studentar med nedsett funksjonsevne får nødvendig praksis i samsvar med ramme- og/eller studieplan.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Så langt som mogleg skal ein tilby tilrettelegging ved gjennomføring av obligatorisk praksis, utan å senke faglege krav. Etter søknad kan studentar t.d. få føretrinn ved val av praksisplass.	Studieprogram-/ emneansvarleg	Kontinuerleg

Kommentar: Studentar i profesjonsutdanningar der praksis er ein obligatorisk del av studiet, må gjennomføre og bestå dei ulike praksisperiodane for å kunne fullføre utdanningsprogrammet. For å få til dette kan det vere nødvendig å gjere nokre tilpassingar.

3.2.7 STUDIUM I UTLANDET

Mål: Sikre at studentar med nedsett funksjonsevne kan ta delstudium i utlandet.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Syte for at det er mogleg med utveksling til/ frå utlandet for studentar med behov for tilrettelegging.	Internasjonalt kontor	Kontinuerleg

3.3 EKSAMEN OG VURDERING

Mål: Sikre like moglegheiter for relevant evaluering og tilrettelegging av eksamen.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Sikre god informasjon til studentar om rettane deira og tilbodet vårt for tilrettelegging.	Studie-administrasjonen	Kontinuerleg
Ein skal også sikre god informasjon om tilrettelagt eksamen.	Studie-administrasjonen	Innan utgangen av 2016

Kommentar: Særleg omfattande tilrettelegging av eksamen vil berre skje i samråd med faglærarane/ avdelinga.

3.4 FYSISK TILRETTELEGGING

Hovudmål: Bygg, anlegg og lokale ved HVO skal innrettast slik at studentar med nedsett funksjonsevne kan bruke dei på lik linje med andre studentar.

3.4.1 FINANSIERING AV TILTAK FOR Å BETRE FYSISK TILGJENGE

Mål: Det skal vere ei stabil finansiering av tiltak for å betre fysisk tilgjenge for studentar med nedsett funksjonsevne.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
HVO skal setje av ein årleg pott frå investeringsbudsjettet til akutte tiltak for tilrettelegging. Unyttar midlar vert omfordelt.	Direktøren	Til investeringsbudsjettet kvart år

Kommentar: Statsbygg utbetrar kontinuerleg UU ved våre bygg. Dette tek tid, og det kan vere vanskeleg å sjå alle behov på førehand. Dette gjere det naudsynt å ha midlar til ad hoc-tiltak ved behov, særleg ved studiestart.

3.4.2 FYSISK TILGJENGE TIL BYGG

Mål: Sikre at alle undervisningsretta bygg/rom er tilgjengelege for uhindra ferdsel for alle studentar. HVO skal ha nok tilgjengelege HC-parkeringsplassar.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Gjennomgang av parkeringsplassane, med tanke på om dei er godt nok tilrettelagt.	Drift i samarbeid med Statsbygg	Årleg
Kartleggje utandørs ferdselsvegar med omsyn til rørsle- og orienteringshemmande barrierar. Kartlegginga må ta omsyn til vinterforhold.	Drift i samarbeid med Statsbygg	Årleg
Ein skal kontinuerleg prioritere tiltak for auka tilgjengelegheit, og gjennomføre så raskt som mogleg.	Drift i samarbeid med Statsbygg	Kontinuerleg

Kommentar: Uteområda må vere tilgjengelege for alle grupper. Ein må ta omsyn til skilting, spesielle hindringar (sykkelstativ, blomsterkasser, benker osv.), trinn og avsatsar, og element som kan framkalle allergiske reaksjonar (t.d. plantar og røyking).

Det skal lagast ei prioritert liste med bygningsmessige tiltak for å betre fysisk tilgjenge til bygga. Læringsmiljøutvalet og kontaktpersonar for studentar med nedsett funksjonsevne er viktige støttespelarar. Drift har det økonomiske og tekniske ansvaret.

3.4.3 TILGJENGE TIL UNDERVISNINGSROM

Mål: Alle studentar skal ha likeverdig tilgang til auditorium og andre undervisningsrom.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Auditorium og seminarrom må innrettast slik at studentar med funksjonsnedsetjing får best mogleg utbytte av undervisninga.	Drift/Statsbygg, kontaktperson på avdelingane	Kontinuerleg
Ta omsyn til behov for tilrettelegging ved fordeling av rom.	Avdelingane	Kontinuerleg
Gjennomgang og utbetring med omsyn til lys, lyd, teleslynger, akustikk, ventilasjon, plass til hjelpemiddel, teknisk utstyr, straumuttak osv. i alle studentretta rom.	Drift/IT	Kontinuerleg

HVO skal etter denne gjennomgangen setje opp prioriteringsliste ut frå behov og budsjett.	Drift/IT	Utbetring etter finansiering ved HVO/Statsbygg
---	----------	--

Kommentar: Fleire av auditoria ved HVO gjer det vanskeleg å leggje til rette for studentar med funksjonsnedsetjingar, og ein må flytte førelesingane ved behov. I time-/ romplanlegginga skal ein ta omsyn til slike behov. Dette er avhengig av at studentar med slike behov melder frå. Dårleg lys og akustikk er vanskeleg for alle, men for ein student med spesielle behov kan dette gje ekstra vanskar. Det tekniske utstyret må fungere og må kontrollerast kontinuerleg. Alle spesialrom må også vere tilrettelagte, og utbetringar skal gjerast i samarbeid med studentane for å finne funksjonelle løysingar.

3.4.4 SKILT OG ORIENTERINGSTAVLER

Mål: Skilt, symbol og tekst skal være utforma, plasserte og opplyste slik at dei er lette å lese og oppfatte for alle.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Gjennomgang av skilt og orienteringstavler slik at desse vert universelt utforma. Dette gjeld både ute og inne.	Drift/Statsbygg	Årleg

Kommentar: Skilting både utandørs og innandørs er av varierende kvalitet med tanke på lesbarheit, lys med meir. Det er behov for gjennomgang/utbetring.

3.4.5 CAMPUSOMRÅDET

Mål: Uteområdet skal ha universell utforming.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Universell utforming skal vere ein premiss i arbeidet med campusplanen og utforming av uteområdet.	Drift/Statsbygg	Kontinuerleg

3.5 INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI (IKT)

Hovudmål:

IKT er eit verkty for informasjon og kommunikasjon. HVO ynskjer å nytte seg av gode universelle løysingar som byggjer ned barrierar og som tek omsyn til ulike behov.

3.5.1 INTERNETT, STUDENTWEB OG FRONTER

Mål: Informasjon som vert tilbode via internett skal følgje internasjonale standardar for tilgjengelegheit.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Vi skal velje IT-løysingar som tilfredsstillar internasjonale UU-standardar når dette finst. Løysingane skal kunne nyttast saman med tilleggsutstyr.		Årleg

Kommentar: HVO må sikre at alle studentar best mogleg tilgang til informasjon på nettsider, i StudentWeb og i e-læringssystem.

3.5.2 INFO TIL/OPPLÆRING AV TILSETTE

Mål: HVO skal sørge for at alle som skal undervise studentar får informasjon om/nødvendig opplæring i bruk av formålstenlege IT- og AV-format.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Sørgje for at faglærarar og administrativt personale får opplæring i korleis ein legg ut god informasjon på e- læringsverkty, mest mogleg tilgjengeleg for alle. Opplæring om format og bruk som er gunstige ved bruk av audiovisuelle hjelpemiddel (PC/videokanon, etc.).	Deknar og administrative leiarar	Kontinuerleg
Ein skal sikre gode rutinar for opplæring i IT- og AV-utstyr rundt oppstarten av kvart nytt studieår.	IT, avdelingane	n studiestart 2012

Kommentar: For at alle studentar skal få fullt utbytte av undervisninga, er det viktig at faglærarane har kunnskap om, og nyttar universelle IT- og AV-format i undervisninga si. Det same gjeld informasjonen som vert lagt i Fronter. Her er det viktig å ta omsyn til både lyd og bilete.

3.5.3 PC-STASJONAR MED SPESIALPROGRAM OG TILLEGGSUTSTYR

Mål: Sørgje for at studentar med nedsett funksjonsevne har tilgang til PC-stasjonar med nødvendig tilleggsprogram og utstyr.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Ein del merka PC – stasjonar i hovudbygg skal ha tilrettelagt programvare som studentar kan teste ut.	IT-kontoret	Kontinuerleg

Kommentar: HVO har PC-stasjonar på biblioteket (hovudstasjon) og på avdelingsbygga. Nokre av desse skal ha nødvendig tilleggsutstyr og programvare slik at studentar med nedsett funksjonsevne kan gjere seg fullt nytte av dei. Dette gjeld særleg studentar med nedsett hørsel, syn eller motorikk, eller som har dysleksi.

3.5.4 KOMPETANSE I UNIVERSELL UTFORMING OG IKT

Mål: HVO skal ha kompetanse i universell utforming av data og IKT.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
IT – kontoret skal ha god kompetanse på UU, og ha ein kontaktperson med særleg ansvar for feltet, og for hjelpemiddel.	IT	Kontinuerleg

Kommentar: UU av IKT krev god innsikt i internasjonale standardar, programvare og utstyr knytt til dette.

3.6 STUDENTVELFERD

Studentsamskipnaden i Volda (SIVOLDA) er studentane sin lovfesta velferdsorganisasjon, og har saman med høgskulen ansvar for å leggje til rette for eit best mogleg heilskapleg læringsmiljø for alle studentar.

Hovudmål:

Alle studentar ved HVO skal ha eit likeverdig velferdstilbod. Studentsamskipnaden skal arbeide for at studentar med funksjonsnedsetjing får eit godt sosialt studentliv og likeverdig tilgang til studentbustadar og andre velferdstiltak.

3.6.1 BUSTAD OG BARNEHAGE

Mål: Utvide bustadtilbodet med tilrettelagde bustader, og leggje til rette slik at alle born, uansett funksjonsevne, kan gjere seg nytte av barnehagetilbodet.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Ein skal vurdere behovet for leilegheiter for studentar med funksjonsnedsetjingar.	SIVOLDA	Kontinuerleg
Lokale og fagkompetanse i studentbarnehagen skal vere tilstrekkeleg til å ivareta også born med funksjonsnedsettingar.	SIVOLDA	Kontinuerleg

3.6.2 STUDENTSAMSKIPNADEN OG ADMINISTRASJON

Mål: Tilboda Studentsamskipnaden gjev skal vere universelt utforma.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Studentsamskipnaden skal ha ein kontaktperson som kan hjelpe med tilrettelegging i bustadsamheng.	SIVOLDA	Kontinuerleg
Arbeide for å få lett tilgjengeleg lokale.	HVO/STIV/SIVOLDA	Kontinuerleg Påverknads- prosess

Kommentar: Ein eigen kontaktperson gjer det enklare å ta kontakt og få hjelp med søknader for alle studentar. Tilkomsten til SIVOLDA er trafikkfarleg, spesielt for studentar med funksjonsnedsetjing.

3.6.3 KANTINE OG BOKHANDEL

Mål: Tilboda Studentsamskipnaden gjev i kantine og bokhandel skal vere tilgjengelege for alle studentar.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Skaffe meir eigna lokale til Fagbokhandelen som gjev betre tilgjenge for alle studentar.	Direktør	Kontinuerleg prosess for å finne løysing
Tilkomst og lokale til kantina skal vere universelt utforma.	Direktør	Utgangen av 2016

Kommentar: Bokhandelen er veldig trang. Om lokalet og tilkomsten vart utvida, ville dette gjort bruken av bokhandelen mykje lettare for alle.

3.6.4 HELSETENESTER

Mål: Helsetenestene til SIVOLDA skal vere lett tilgjengelege for alle studentar på campus.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
Dei tilsette ved helsetenestene skal ha kompetanse til å ivareta studentar med særskilte utfordringar i kvardagsliv og studentliv.	SIVOLDA	Kontinuerleg oppfølging

Kommentar: Helsetenestene skal tilfredsstillе krava til universell utforming av lokale, tilkomst og organisering.